

## Vinda

Eg bur i Løkjisskogen bustadfelt og har elva nærast som nabo. Eg går turar langs elva fleire gonger i veka og gled meg over elva som brusar forbi i fossar og stryk. Eg blei lei meg på siste folkemøtet, då eg forsto at den fine elva mesteparten av året blir redusert til ein liten bekk, dersom elva blir bygd ut. Det vil ødeleggje mykje av naturopplevinga – i tillegg til at det vil verke negativt inn på dyreliv, fiskeliv og fugleliv. Det er også meir enn kaldt nok å stå langs riksvegen og vente på bussen vinterstid – og så får vi høyre det kan bli meir frostrøyk dersom elva blir lagt i rør! Skal tru kva folk i urbane strøk hadde sagt om noko slikt skulle skje med deira nærområde ?

Nå kan ein sjølv sagt innvende at slik uttrykkjer ein egoist seg - som ikkje vil ha forandring. Men det er svært mange som brukar området langs elva. Det er tomtefelt på begge sidene av elva, og det tredje (Heggenes) ligg like ved. Eg ser også stadig folk som bur i Volbu på stigane langs Vinda. Barnehagen og ungdomsskulen er også flittige brukarar. Det er opparbeidt mange stigar i området rundt elva.

Aldri før har så mange hatt behov for å bruke naturen for helsebot og oppleving. Men på same tid har det aldri vore så mange som har jobba for å byggje ned og ødeleggje miljøet, rasere naturen fortare og meir enn nettopp nå – og verre skal det vist bli i verdas rikaste og vakraste land. Dei grønne sertifikata er sannelege ikkje grønne ! Dei ser ut til å vere miljøødeleggjande og pengesløsende og utan nytteverdi for klimaet. Ein bør bruke pengane på effektivisering og oppgradering av nettet.

Spar Vinda , så de kan sjå etterkomarane i augo når dei spør om kvifor Norge har lagt nesten alle elvar og fossar i rør !

Beste helsing Kari Salvesson, Kvednavegen 16, 2940 Heggenes

Heggenes,den 10.september 2014